Hauso områdeplan

Ullensvang herad

OPPDRAG

Hauso områdeplan (Plan-id 1231-2015001)

EMNE

Planskildring

DATO revidert 28.03.2017

DOKUMENTKODE

613183-PLAN-RAP-001

Multiconsult

Multiconsult

RAPPORT

OPPDRAG	**Reguleringsplan for Hauso skule**	DOKUMENT KODE	613183-PLAN-RAP-001
EMNE	**Planskildring/planrapport**	TILGJENGE	«Open»

OPPDRAGSGJEVAR	**Ullensvang herad**	ANSVARLIG EINING	2237 Plan og utredning
KONTAKTPERSON	Kent G. Dagsland Håkull, Randi Karin Tveit		

SAMANDRAG

Føremålet med forslag til reguleringsplan er å leggje til rette for ei utviding av Hauso skule med tilstrekkeleg uteareal og volleyballhall. Planen skal sikre trygge trafikktilhøve på skulevegen og legge til rette for bustadtomter nær skulen.

04	28.03.2017	Rev. Utgåve etter tilbakemelding frå Heradet	TOA	LIML	TOA
03	24.03.2017	Revidert løysing etter synfaring 02.11.2016	LiML	ToA	ToA
02	09.06.2016	Revidert etter offentleg ettersyn, rev ROS-analysen	ToA	ToA	
01	27.05.2016	Revidert etter offentleg ettersyn	VB, ToA	ToA	ToA
00	06.05.2015	Utgåve for offentleg høyring	ToA	HePB	
REV.	REV. DATO	Skildring	UTARBEIDD AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

Innhald

1 Samandrag 5
2 Bakgrunn for planarbeidet 6
2.1 Krav om konsekvensutgreiing 6
3 Planprosessen, medverknad 7
3.1 Kunngjering og varsling 7
3.2 Medverknad 7
4 Planstatus og rammer 9
4.1 Overordna føringar og gjeldande planstatus 9
5 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve 10
5.1 Plassering og avgrensing av planområdet 10
5.2 Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk 10
5.3 Staden sin karakter 12
5.4 Landskap 14
5.5 Kulturminner og kulturmiljø 16
5.6 Naturverdiar/naturmangfald 18
5.7 Grønstruktur, rekreasjonsområde, uteområde (nærmiljø og friluftsliv) 19
5.8 Naturressursar, inkl. landbruk 20
5.9 Trafikktilhøve 21
5.10 Born sine interesser 24
5.11 Sosial og teknisk infrastruktur 24
5.12 Universell utforming 24
5.13 Grunntilhøve 25
5.14 Miljøfaglege tilhøve 26
5.15 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon) 26
5.16 Næring 27
6 Skildring av planforslaget 28
6.1 Planlagt arealbruk 28
6.2 Plassering og utforming av bygg 29
6.3 Bumiljø/kvalitet 31
6.4 Parkering 32
6.5 Trafikkløysning 32
6.6 Areal for uteopphald, leikeplassar, skuleveg 33
6.7 Landbruks- natur og friluftsområder 33
6.8 Teknisk infrastruktur. Planlagde offentlege anlegg. 33
6.9 Universell utforming 33
6.10 Rekkefylgjekrav 33
7 Verknader / konsekvensar av planforslaget 34
7.1 Fråvik frå overordna planar 34
7.2 Staden sin karakter, fjernverknad og estetikk 34
7.3 Kulturminner og kulturmiljø 34
7.4 Naturverdiar/naturmangfald 34
7.5 Naturressursar, inkl. landbruk 34
7.6 Trafikktilhøve 34
7.7 Born sine interesser 34
7.8 Universell tilgjenge 34
7.9 Økonomiske konsekvensar for kommunen/andre offentlege etatar 35
7.10 Vurdering av konsekvensar /verknadar 35
8 Risiko og sårbarheit, ROS-analyse 36
8.1 Oppsummerande risikomatrise: 36
8.2 Vurdering av risikoreduserande tiltak 36
8.3 Konklusjon ROS-analyse 38
9 Merknader til varsel om oppstart, innkomne merknader 39
9.1 Innkomne merknader 39
10 Merknader ved offentleg ettersyn28.05.2015 – 31.08.2015 44
10.1 Innkomne merknader 44
10.2 Merknader frå offentlege aktørar 44
10.3 Merknader frå Privatpersonar 46
10.4 Merknader frå lag og foreiningar 49

11 Endringar av reguleringsplanen etter offentleg ettersyn 51
11.1 Vald løysing; Tilkomst for traktor og privatbil frå sør 53
11.2 Planløysing ved Hauso skule 55
12 Vedlegg 56

1 Samandrag

På vegne av Ullensvang herad har Multiconsult utarbeidd områdereguleringsplan for Hauso. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei utviding av Hauso skule med tilstrekkeleg uteareal og volleyballhall. Planen skal sikre trygge trafikktilhøve og legge til rette for bustadtomter nær skulen.

Tabell 1-1: Nøkkelinformasjon om planforslaget

Tema	Nøkkelinformasjon
Bydel/område	Hauso
Gardsnamn/adresse	Hauso
Gnr/bnr	Gnr. 98 bnr. 2, 8 15, 32 mfl.
Tiltakshavar (vår oppdragsgivar)	Ullensvang herad
Grunneigarar (sentrale)	
Forslagstiller /Plankonsulent	Multiconsult
Den nye planen sitt hovudformål	Utviding av Hauso skule, volleyballhall, trafikksikring, bustadar
Planområdet sitt areal i daa	
Tal på nye einingar (bu einingar) / nytt næringsareal (BRA)	2 nye bustadtomtar
Aktuelle problemstillingar (støy, høgder for bygg, o. l.)	Utforming, landskap, ras, trafikktryggleik
Ligg det føre varsel om motsegn? (j/n)	Nei
Krav om utgreiing av konsekvensar (KU) (j/n)	Nei
Kunngjering om oppstart, dato	21.01.09
Offentleg ettersyn, saksnr 27/2015	28.05.2015 - 31.08.2015
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Er det halde informasjonsmøte? (j/n)	Synfaring og drøftingsmøter med grunneigerar

2 Bakgrunn for planarbeidet

Komplett planforslag er sendt inn 06.05.2015 av Multiconsult AS på vegne av Ullensvang herad Planforslaget er utført i samsvar med plan- og bygningslova § 12.

Føremålet med planen er å leggja til rette for utbetring av Hauso skule, ny volleyballhall med naudsynte fleirbruksfunksjonar, trafikksikring og bustadareal. I dag leiger skulen gymnastikksal i det tilstøytande samfunnshuset. Denne er for liten og ei utviding av skulen bør også omfatte gymnastikkfasilitetar (volleyballhall).

Planen skal også sikre trygge trafikktilhøve og finne areal til fleire bustadtomter nær skulen.

Hovudføremåla for arealbruken er undervisning, bustadar-frittliggande småhus, køyreveg og LNF.

Planområdet omfattar eigedommane gnr. 98 bnr. 2, 8, 15, 32 mfl.

2.1 Krav om konsekvensutgreiing

Ikkje aktuelt, planen er i samsvar med overordna planar.

Planframlegget utløyser ikkje krav til konsekvensutgreiing. Det er ikkje vesentlege avvik frå kommuneplanen i framlegget til områdereguleringsplan:

- Framlegget legg opp til utviding av eksisterande veg.
- Det er lagt inn to nye bustadtomter inntil eksisterande bustadområde.
- Noko landbruksareal med eksisterande bustadar er føreslått regulert til landbruksareal med spreidde bustadar: inntil tre nye bustadar.
- Skulearealet er uendra.

3 Planprosessen, medverknad

3.1 Kunngjering og varsling

Oppstart av planarbeid er varsla 07.01.2009. Grunneigerar, råka naboar og offentlege mynde er varslet per brev av 21.01.09. Planforslag er innsendt 06.05.2015 av Multiconsult AS på vegne av forslagstillar Ullensvang herad. Planforslaget er utført i samsvar med plan- og bygningslovens kapittel 1 og 12.



Figur 1, planområde det vart varsla oppstart av planarbeid

3.2 Medverknad

Det har vært møter og synfaring med grunneigerar i oppstartsfasen. Ved oppstart kom det inn 15 merknader, fem frå offentlege instansar og ti frå private. Alle merknader er summert i kapittel 9.1 og er vedlagt.

Planarbeidet har også avventa ei utgreiing om behov for skuleareal på Hauso som fylgje av skulesamanslåinga på vestsida. Norconsult har kartlagt arealbehov og vist mogleg tilbygg til Hauso skule.

Planforslaget var til 1. gongs handsaming, saksnummer 27/2015 og vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i tida 28.05.2015 – 31.08.2015.

I forbindelse med offentleg ettersyn mottok heradet 20 merknadar, fem frå offentlege instansar og 15 frå privatpersonar og lag og foreiningar. Merknadene er oppsummert i kap 10.

4 Planstatus og rammer

4.1 Overordna føringar og gjeldande planstatus

Statlege planretningsliner som er særlig aktuelle for denne planen:

- Samordna areal- og transportplanlegging
- Styrking av barn og unges interesser i planlegging

Regionale planer som er særlig aktuelle for denne planen:

- Fylkesplan for Hordaland, 2005-2008.
- Klimaplan for Hordaland, 2014-2030.
- Regional plan for folkehelse 2014-2015 - fleire gode levekår for alle
- Regional kulturplan 2015-2025

Kommunale planar:

- Energi- og klimaplan – Ullensvang herad
- Kystsoneplan – Ullensvang herad 2008

<u>Kommuneplanen sin arealdel</u>

I kommuneplanen sin arealdel (2011-2022) ligg store delar av Hauso som LNF-område. Skulen og samfunnshuset er eksisterande område for tenesteyting. Bustadfeltet oppfor skulen ligg inne som bustadområde. Det er lagt inn eit LNF-spreidd bustadbygging SB_9 med inntil tre bustadar i planperioden rett sør for planområdet. Området er vist som omsynssone. Det er ikkje oppgjeve i føresegnene til kommuneplanen kva omsynssona gjeld. I Kystsoneplan for Ullensvang herad 2008 er område som ligg innanfor reguleringsplanen til Hauso sett av til LNF-område opna for spreidd bustadbygging. Naust B 15 Hauso, småbåthamn S11 ligg utanfor planområdet. Planområdet ligg utanfor faresona ras- og skredfare i kommuneplanen.



Figur 2. Frå kommuneplan Ullensvang herad 2011-2020 og Kystsoneplan 2008 Ullensvang herad

5 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve

5.1 Plassering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg på Hauso mellom Grimo og Jåstad på vestsida av Sørfjorden.

Figur 3, lokalisering av Hauso i Ullensvang herad

5.2 Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk

Hauso er eit aktivt landbruksområde og mesteparten av arealet i planområdet er LNF. Bygningane knytt til gardsdrifta ligg i hovudsak langs den gamle fylkesvegen. På gnr. 98 bnr. 23 ligg eit mindre gartneri.

Sentralt i området ligg Hauso samfunnshus og Hauso skule med symjehall. Skulen har lite areal og ligg mellom bustadar, jordbruksareal og kulturminnemiljø av kvernhus langs Hausoelvi. Området er avsett til tenesteyting. Oppfor skulen ligg eit bustadfelt med åtte einebustadar og nokre ubygde tomter. I tillegg er her nokre få bustadhus i lia og langs fjorden. Mellom fv. 550 og sjøen ligge fleire naust og nokre ubygde nausttomter. I lia oppfor skulen er det store granfelt der ein tek ut tømmer. Tilkomst til skogsbilvegen går gjennom planområdet, forbi skulen.

Figur 4. Bustadfeltet oppfor skulen, leikeområde på skulen i framgrunnen

Figur 5. Frukttre mellom skulen og verneverdige kvernhus langs Hausoelvi

Figur 6. Ortofoto av planområdet

5.3 Staden sin karakter

Hauso karakteriserast av gardsdrift med frukthagar, einebustadar og skulen.

Gardstuna ligg i prinsippet som rekkjetun, der alle husa i eit tun ligg omlag på same kotehøgde. Alle gardstuna i området ligg om lag mellom kote 20 og 35. Våningshus og driftsbygningar i tradisjonell byggjeskikk med saltak og ofte med ark. Husa er i 1 ½ etasje pluss kjellar.

Figur 7. Gardstun

Naust og sjøhus som ligg organisert etter fjorden. Bygg med små dimensjonar i ein eller to etasjar med saltak. Dei gamle bygga låg med gavlen mot fjorden. Då ny riksveg vart bygt vart mange av sjøhusa rivne. Dei sjøhusa som står igjen er avskorne frå sjøen. Nye naust ligg på utfylte tomter på utsida av vegen. Dei er orientert parallelt med sjøen og vegen, og har portar orientert på tvers av strandlinja.



Figur 8. Eldre naust på oversida av fv. 550

Figur 9. Nyare naust på nedsida av fv. 550

Kvernhusa er organisert langs elvene. Små bygg i ein etasje med saltak.



Figur 10. Kvernhus langs Hausoelvi

I det regulerte bustadområde slynger tilkomstvegen seg opp i det bratte terrenget og tomtene er organisert på begge sider av vegen. Einebustadområde i ein til to etasjar, der bygga ligg fritt på tomta, orientert etter terrenget. Tomtestorleiken er 6-800 m² og området står fram som tett i høve til omgjevnadene.



Figur 11. Bustadfelt

Skulen og samfunnshuset er offentlege bygg som bryt med dimensjonane elles området. Skulen har ein etasje mot oppsida og tre etasjar mot fjorden. Fasadelengde ut mot fjorden er om lag 70 meter. Samfunnshuset er i to etasjar og har grunnflate og fasadelengder som samsvarar meir med omliggande bygg. Saman med samfunnshuset er skulen framtredande bygg i landskapet som bryt med voluma omkring.



Figur 12. Skulen og samfunnshuset

5.4 Landskap

Planområdet ligg i landskapsregionen dei indre bygdene på Vestlandet (Kjelde. Nasjonalt referansesystem for landskap. NIJOS 2005). Sørfjorden høyrer til underregionen "Fruktbygdene i Indre Hardanger". Sørfjorden har eit dramatisk storskala fjordlandskap med bratte fjellsider opp mot Folgefonna. Fruktdyrkingslandskapet i Sørfjorden har nasjonale kvalitetar. Her finn ein "*noko av landets mest serprega og vakre fjordlandskap, skapt av fruktdyrking og mange intakte bygningsmiljø med tradisjonelle bygningar og fossenatur. (..) Landskapet er inntrykkssterkt, men ikkje på ein dramatisk måte. Landskapet er varierande(..). Heilskapen er god, men den vert negativt påverka.* " (Kjelde Skildring av landskaps underregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland. NIJOS 2000). NIJOS klassifiserer Sørfjorden som eit A2 landskap der opplevingsverdien er serskilt høg med kvalitetar som gjer landskapet einestående. Landskapet er heilskapleg med stort mangfald og høg inntrykksstyrke.

Hauso ligg eksponert til på eit nes nordvest i Sørfjorden. Det storskala landskapet fører til at heile Hauso er synleg frå store område, både frå fjorden frå bygdene på andre sida av fjorden og frå Hardangerbrua.

Heile området er ein del av det store landskapsrommet. Terrengformene dannar ikkje mindre rom i det store. Mindre romlige former på Hauso vert skapt av vegetasjon og byggverk. Markerte inngrep vil derfor verke inn på opplevinga av landskapet i store delar av planområdet.

Planområdet omfattar moreneavsetningar langs fjorden og delar av lia ovanfor. Terrenget er brattlendt med stigningsforhold rundt 1:3. Det fører til at veganlegg og større bygg lett krev store terrenginngrep med fyllingar og skjeringar.

Figur 13. Hauso. Kjelde Ullensvang herad

Figur 14. Rekker med frukttre er karakteristisk for landskapet på Hauso og langs Sørfjorden. Kjelde: Ullensvang herad

5.5 Kulturminner og kulturmiljø

Hauso er ein av dei eldste gardane på vestsida av Sørfjorden. Det er kjend fleire automatisk freda kulturminner i området, alle desse ligg utanfor planområdet. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet.

Fram til 1600-talet (usikker datering) låg gardstunet høgare oppe, ved det som heiter Skredhaug. Etter eit skred (mogleg på 1600-talet) vart tunet flytta til det området der skulen ligg i dag. Her låg fellestun for alle bruka fram til utskiftinga som starta i 1873.

Fram til tidleg på 1900-talet var det fjorden som var viktegaste transportåra mellom grendene, og Sjoarvegen mellom tun og fjord var viktigaste landsveg. Dette endra seg då det i 1920 kom fylkesvegen gjennom området. I 1980 vart det bygd ny fylkesveg på fylling langs fjorden.

Det store kvernhusmiljøet på Hauso er blant dei største i fylket. Saman med restar av den gamle vegen utgjer kvernhusmiljøet nord for skulen eit miljø med stor verdi både i lokal og regional samanheng. Kvernhusmiljøet inngår i eit samanhengande kulturlandskap som strekkjer seg frå fjord til fjell.

Bygningsmiljøa på bnr. 1 og 8 har fleire hus som vart flytta ut frå fellestunet. Dei gamle bygga saman med husa frå tidleg 1900-tal står fram som eit samla tunanlegg, representativt for perioden.

For grundigare omtale av kulturminne sjå vedlagt rapport «Kulturminnegrunnlag – Hauso» Multiconsult as, 15.9.11.

Figur 15. Hausoelvi med kvernhusa sett frå steinkloppa

Figur 16. Røykstove på bnr. 1, i bakgrunnen eldhus/røykstove på bnr. 8



Figur 17. Kjende kulturminner i området, planavgrensing frå varsel om oppstart

5.6 Naturverdiar/naturmangfald

Vegetasjonen i planområdet er i hovudsak kultivert. Det er noko naturleg vegetasjon i kantsonene langs Hausoelvi, Matbekken og i vegkantane. Desse kantsonene bidreg til eit rikare biologisk mangfald. Dei skrinnare areala sørvest i planområdet ved Matbekken er noko prega av gjengroing. Her er også innslag av skog. Ved Hauso skule står ei stor og velvaksen bøk. Eksemplaret er eit verdifullt element for oppleving og stadidentitet.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området (Naturbase. Direktoratet for naturforvaltning). Det er tidlegare påvist ein raudlisteart i området, ein Hønsehauk. Denne arten er vurdert som nær trua (NT). Av svartelista artar er det ved avkjørsla til i Hauso i nord frå fv. 550 tidlegare registrert kjempebjørnekjeks, japanpestrot og legepestrot (Artsdatabanken).

Figur 18. Kantsoner

Figur 19. Beiteområde, furutre sør i planområde og bøketre ved skulen

5.7 Grønstruktur, rekreasjonsområde, uteområde (nærmiljø og friluftsliv)

Den største delen av området består av jordbruksareal. På skulen er det leikeareal med ballbinge og leikeapparat. Det er enkelte stiar som går opp til fjellet i området. I Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland er Gråfjell-Håsdetkolla (4) som ligg i fjella ovanfor Hauso registret som eit friluftsområde (C). Området er avskore frå fjorden og strandsona av fv. 550.

Figur 20. Regionalt viktige friluftsområder, fra Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkesmannen

Figur 21, Skilt over turveger i kulturlandskapet

5.8 Naturressursar, inkl. landbruk

I temakart til kommuneplanen ligg planområdet i omsynssone for landbruk (PBL 11-8 c). Landbruket er ei viktig næringsgrein i kommunen, både som sjølvstendig næring og som grunnlag for reiselivsnæringa. Areala i planområdet er i hovudsak landbruksareal nytta til fruktproduksjon, og produksjonstilhøva for frukt i området er gode. Mindre teigar er nytta til juletreproduksjon. Jordsmonnet er i hovudsak grunnlendt. Areala sørvest i planområdet er skrinnare med blokkmark og ein del fjell i dagen. Beitemarka er her prega av gjengroing. I eit belte over frukthagane og utanfor planområdet er areala nytta til skogbruk. Den kommunale vegen gjennom planområdet fungerer som vendeteig for frukthagane og tilkomstveg til skogområda.

Figur 22. Fruktdyrking på Hauso. Bileta viser at ein nyttar vegane som vendeteig i frukthagane.



Figur 23. Markslag og treslag, henta frå http://kilden.skogoglandskap.no/map/kilden

5.9 Trafikktilhøve

Hovudtrafikken gjennom Hauso går langs fjorden på fv. 550. Dette er ein av hovudvegane mellom Bergen og Odda. Trafikktalet på strekninga gjennom Hauso er 600 ÅDT(største årsdøgntrafikk 2015), tungtransporten er på 16 %.

Avkøyrsle til Hauso skjer frå Hausokrysset nord i planområdet. Den kommunale vegen (som var fylkesveg fram til ca. 1980) går parallelt med fv. 550 til kryss på Jåstad, om lag 2 km lenger sør. På Grimo, om lag 1 km lenger nord, er det også eit kryss mellom kommunal veg og fylkesveg. Dei kommunale vegane er smale einfeltsvegar utan fortau. Den gamle fylkesvegen er 3 - 3,5 m brei. Aarekolvegen (kv7)opp til skulen er ein blindveg om lag 3 m brei, men det smalaste partiet forbi bnr. 8 er vegbredda berre 2,7 meter.



Figur 24. Vegar i området, planavgrensing frå oppstart

I trafikksikringsplan for Ullensvang herad 2009 peikar ein på at tilhøva kring skuletransport med buss har vore eit tema heilt sidan den nye fylkesvegen kom. Det ikkje er plass til å snu skulebussen nær skulen og elevane vert sett av på busstopp i fylkesvegen. Her er busslommer på begge sider og borna må her kryssa vegen.

Det er fem registrerte ulykkesinvolverte einingar i området, fem på fv. 550 og ein på den gamle fylkesvegen rett nord for Hausoelvi. Det er ikkje registrerte kva grad personskade det var i ulykkene.

Frå fylkesvegen er det om lag 500 lengdemeter og 40 høgdemeter å gå opp til skulen langs lokalvegen. Denne vegen er smal og gåande må gå ut i grøfta når breie køyrety passerer. Dette er spesielt problematisk når skulepersonalet kjem køyrande samstundes med at elevane kjem gåande. Tømmertransport med vogntog forbi skulen og langs skulevegen kan også føre til farlege situasjonar.

Figur 25. Hausokrysset ved fv. 550. Busslommer på begge sider av vegen

Figur 26. Skuleungdom i krysset mellom den gamle fylkesvegen og brekka opp til skulen (Aarekolvegen)

Figur 27, Det er trongt om plassen når skuleungar og bilar møtes i brekka nedfor skulen

Figur 28, Tømmerbil på veg til hogstfelta i lia oppfor Hauso

Det er ikkje oppmerka parkeringsplassar til skulen og samfunnshuset. Tilsette og besøkande parkerer på begge sider av tilkomstvegen, aust for samfunnshuset. Her er plass til 10-13 bilar. Bustadfeltet og gardstuna har parkering på eigen grunn.

Figur 29. Parkering på begge sider av tilkomstvegen ved samfunnshuset.

5.10 Born sine interesser

Aarekolvegen er skuleveg opp frå fv. 550 til skulen. Skulen har uteplass med leikeapparat og ballbinge på vestsida av skulebygget.

Figur 30, inngangssoner og uteområde til skulen

5.11 Sosial og teknisk infrastruktur

Hauso skule ligg sentralt i planområdet og er barne- og ungdomsskule med ti trinn. Næraste barnehage ligg på Aga 12 km sør for Hauso. På Utne ligg helse- og sosialsenter, legekontor, helsesyster og fysioterapikontor 15 km nord for Hauso. Næraste matbutikk ligg på Grimo ca. 1 km nord for Hauso, næraste post er i Utne ca. 15 km nord for Hauso og på Nå ca. 15 km sør for Hauso. Det går ein kraftleidning gjennom planområdet, denne ligg heilt aust.

Til bustadfeltet over Hauso skule er det offentleg avlaupsanlegg. Mattilsynet har sett krav om utbetring av vatn ved meir enn 20 tomter i området. Ullensvang herad har planar om å utbetre avlaupsnettet i området og sikre ny vasskjelde for området.

5.12 Universell utforming

Planområdeter ikkje universelt tilgjengeleg i høve terreng, stigning og tilkomst.

Skuleplassen er heller flatt og skulebygget har i dag ein heis. Skuleområdet er i dag tilrettelagt for rørslehemma.

5.13 Grunntilhøve

Planområdet ligg utanfor faresona ras- og skredfare i kommuneplanen. Det er utarbeida ei kartlegging av faresoner for skred av Norges Geotekniske Institutt (NGI) i august 2012 for området. Her vert det konkludert at snøskred er den største faren for busetnaden på Hauso. Flom- og sørpeskred langs bekkeløp kan også nå det kartlagde området. Under nåverande vegetasjonsforhold er det vurdert at eksisterande busetnad tilfredsstiller krava til tryggleik slik dei er formulert i TEK10, sjå fig. 27.

Planområdet består av to typar berggrunn, i nord og øst av meta-andesitt og metadacitt, mange stader rustforvitra, stadvis migmatittisert og stadvis med linser av ultramafiske bergarter (1), i sør og vest av metaryolitt, stadvis med lag av metabasalt (2), sjå fig. 28. Lausmassen i planområdet består av tykkmorene, sjå fig. 28. Grunnforholda er vist på fig. 29.



Figur 31.Berggrunn og lausmasser i planområdet, henta frå http://www.ngu.no/emne/karttjenester

Figur 32. Grunnforhold, henta frå http://kilden.skogoglandskap.no/map/kilden

5.14 Miljøfaglege tilhøve

Støykart for Haus utarbeidd av Statens Vegvesen viser at store delar av planområdet ligg utanfor raud- og gulsone for støy. Støykartet er utarbeida i 2011 då ÅDT (årsdøgntrafikk) var høgare (mellom 1000-2000) enn i 2015. Årsdøgntrafikk har gått ned på strekninga pga. nedgang i trafikk i samband med opning av Hardangerbrua i august 2013.



Figur 33. Støykart, henta frå http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Miljo+og+omgivelser/Stoy/Stoykart

5.15 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Farevurdering for området er utført av NGI (rapporten er vedlagt reguleringsplanen). Det er vurdert at snøskred er den skredtypen som er dimensjonerande i forhold til utstrekning av faresonene for dei utbygde områda på Hauso. Flaum og sørpeskred som fyl Hausoelvi kan påverke utbreiinga av faresonene.



Figur 34, Kart som viser faresone for skred, henta frå rapport 2011048-01-R 10. august 2012 av NGI

For planområdet er det utarbeidd ROS-analysen (vedlagt og oppsumert i kap 8).

5.16 Næring

Viktigaste næringsveg på Hauso er jordbruk og fruktproduksjon. Hauso ligg i Hardanger som er som eit av dei viktigaste område for turisme på Vestlandet. Det er ingen overnattingsstader eller andre fasilitetar på Hauso knytt til turisme. Næraste større overnattingsstader er Utne, Kinsarvik og Lofthus.

6 Skildring av planforslaget

Forslag til reguleringsplan for Hauso legg til rette for:

- Hauso skule som 1 -10 trinn skule på vestsida
- Bygging av idrettshall/volleyballhall
- Utbedring av busslommer langs fv. 550
- Utviding av Aarekolvegen frå fv. 550
- Parkeringsareal ved Hauso skule

6.1 Planlagt arealbruk

Tabell 2, arealtabell over formål i områdeplanen

Arealtabell over formål	
Bygningar og anlegg (§12-5. Nr.1)	**Areal (da)**
Bustadar - frittliggjande småhus - BFS	18,5
Undervisning - BU	7,1
Energianlegg - BE	0,1
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5. Nr. 2)	**Areal (da)**
Køyreveg – SKV	9,0
Fortau - SF	0,4
Annen veggrunn – grøntareal - SVG	3,7
Parkeringsplassar	0,1
Landbruks-, natur og friluftsformål (§12-5. Nr. 5)	**Areal (da)**
Landbruksformål	23,9
Spreidde bustadar	16,2
Bruk og vern av vassdrag med tilhørande strandsone (§12-5. Nr. 6)	**Areal (da)**
Naturområde i sjø og vassdrag	0,4
Planområde sitt samla areal:	**79,5 da**

Tabell 3, arealoversikt over omsynssoner i områdeplanen

Omsynssonetabell	
Sikrings-, støy- og faresoner (§11-8 a)	**Areal (da)**
Frisiktsone (H140)	0,1
Ras- og skredfare (H310)	28,0
Flaumfare (H320)	9,9
Høgspentanlegg (H370)	3,0
Sone med særlige omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, landskap og grønstruktur eller bevaring av natur- eller kulturmiljø (§ 11-8 c)	**Areal (da)**
Bevaring av kulturmiljø (2) (H570)	1,0

6.2 Plassering og utforming av bygg

Bustadar

Forslag til reguleringsplan legg til rett for to nye bustadtomter (BFS5 og BFS6) i tilknyting til eksisterande bustadfelt (BFS1 - BFS4). Dei utbygde tomtene er utbygd med einebustadar og frittliggjande garasjar. På ubebygde bustadtomter kan det byggjast einebustadar med frittliggjande garasjar. Nye bustadar må vera tilpassa bratte tomter.

Eksisterande bustadhus over uteareal til skulen er også regulert til frittliggjande bustad, BFS7.

Skulebygg

Innanfor område regulert til undervisning er det lagt til rette for at samfunnshuset kan rivast og at den del av området kan byggjast ut med parkeringskjellar. Lokalisering er vist med byggjegrense under bakken. Hauso skule treng som fylgje av at samfunnshuset vert rive, ny gymnastikksal.



Figur 35, illustrasjon av Volleyballhall oppå parkeringsanlegg

I føresegnene til reguleringsplanen er det sett krav om at ny fleirbrukshall må byggjast oppå parkeringskjellar. I vist illustrasjon er det lagt til grunn eitt nytt bygg med mål til volleyballhall. Garderobe fasilitetar er planlagt å kunne nytte eksisterande i skulebygget. Ved å byggje kun volleyballhall og la tilhøyrande garderobefasilitetar vera ein del av eksisterande skule er det alternative moglege plasseringar av volleyballhall. Ei utbygging som kun omfattar volleyballhall kan også gje tillegg av uteareal til skulen.



Figur 36, illustrasjon av alternativ plassering av volleyballhall

Gymnastikksalen skal også kunne nyttast til andre aktivitetar som samfunnshuset er nytta til i dag.

Byggjer ein volleyballhall med garderobe, kjøkken, utstyrsrom vil det krevje heile arealet med parkeringskjellar. Takflate til volleyballhall kan også leggjast tilrette og utnyttast som uteareal til skulen.



Figur 37, illustrasjon av volleyballhall med garderobeanlegg

Til alle forslag for nybygg av volleyballhall er det vist eit felles inngangssone med heis frå parkeringskjellar. Ein slik tilkomst krev noko ombygging av eksisterande skulebygg.

6.3 Bumiljø/kvalitet

Planområdet har generelt stor verdi som kulturmiljø med omsyn til landskap og bygningar. Alle tiltak som følgjer av planforslaget skal ved søknad synleggjere og dokumentere dette omsynet.
Det er lagt opp til at det skal rivast tre bygg. Dette er garasje ,samfunnshuset og del av ein «driftsbygning» langs vegen opp til skulen. Ingen av desse bygningane er vurdert til å ha særlege arkitektoniske kvalitetar eller å ha særleg kulturhistoriske verdi.

Figur 38, bilete av Hauso skule, samfunnshus og bustadfelt over skulen

Nybygg som planforlaget legg til rette ligg tett ved eksisterande bygningar i området.

Planforslaget fører til auke vegbreidd på vegen opp til skulen. Planlagt utviding tar omsyn til eksisterande busetnad og landskap, samt vegen sin funksjon som vendeteig for landbruket. Skjeringar og fyllingar skal opparbeidast på ein naturleg måte mot eksisterande terreng og såast eller plantast til.

Det er planlagt mellombels anlegg- og riggområde sør for skulen og langs vegn til skulen. Ved å regulere mellombels rigg og anleggsområde langs planlagt veg vert det opna for å finne tilpassa løysingar med gode overgangar mellom veg og terreng. Området skal tilbakeførast til landbruk etter anleggsperioden.

6.4 Parkering

Parkering til skule og fleirbrukshall skal opparbeidast som del av nybygg eller under nytt uteareal til skulen. Det skal opparbeidast plass for sykkelparkering, under tak ved skulen.



Figur 39, Utsnitt av reguleringsplan med illustrasjon av parkeringsløysing under ny volleyballhall

Opparbeiding av nytt parkeringsanlegg vil vera viktig for trafikktryggleik langs skulevegen og inngangssone til skulen.

Nye bustadar må leggje til rette for parkering på eige tomt.

6.5 Trafikkløysning

Køyreveg er eksisterande tilkomstvegar innanfor området.

Regulert vegareal for fv. 550 (o_SKV1 i plankartet) er eksisterande vegareal med areal til utbetring av busslommene. Planforlaget sikrar areal i samsvar med utbetringsstandard for busslommene. I retning mot Odda er busslomma skråstilt noko i høve dagens løysing for å sikre tilstrekkeleg baksikt for buss.

Busslomme i retning mot Utne er trekt litt sørover for at det ved utbetring ikkje må gjerast inngrep i det opne løpet av Kvernhusbekken. Busslommene er planlagt slik at kryssing over fv 550 vert eitt punkt, bak buss og sør for krysset.

Regulert vegareal for Aarekolvegen kv. 7 (o_SKV3 i plankartet) er planlagt med vegutviding for møteplassar. Når vegbreidda aukar kan vegarealet merkast med 1 m brei skulder langs vegen si vestre side, for å markere gangsona frå busshaldeplassen ved fylkesvegen og fram til og med skulen. Dette er ei vegutviding som tek omsyn til eksisterande tun langs vegen og som samstundes legg til rette for at bilar ikkje må rygge når dei møtes.

Fortau er regulert inn ved busslommene og i starten av Aarekolvegen i krysset mellom fv 550 og kv 7. Det er også regulert inn eit fortau frå krysset med den gamle fylkesvegen (SKV6) og fram til og med eigedom 98/8. Denne løysinga er byggjer på vald løysing etter felles synfaring med kommunen og grunneigarar i området. Løysinga sikrar trafikktryggleiken samstundes som ein unngår riving av driftsbygningen. Dette er nærare omtalt i kapittel 11. Årsaka til at det ikkje vert etablert fortau langs heile strekninga er at vegen også fungerer som vendeteig til fruktteigane.

Reguleringsplanen legg til rette for fjerning av tre avkjørslar langs strekninga til eigedom 98/8 som i dag er noko uoversiktleg. Ny tilkomst til eigedomen er regulert. Dette er ei løysing som betrar trafikktryggleiken i tunområdet og som gjer det meir oversiktleg å ferdast langs Aarekolvegen.

6.6 Areal for uteopphald, leikeplassar, skuleveg

Skuleplassen til Hauso skule er ivareteke i reguleringsplanen. Dette er også nærleikeareal til tilgrensande bustadområde.

6.7 Landbruks- natur og friluftsområder

Eksisterande landbruksareal er regulert til landbruk i samsvar med overordna kommuneplan. Areal langs Hausoelvi er i ei breidde på minimum 25 meter også regulert til LNF-område. I områda med bustadtuna på austsida av Aarekolvegen er det i reguleringsplanen opna opp for fortetting av bustadar. Det er sett krav til at nye bustadar må ta omsyn til eksisterande landbruksdrift og bygningsstruktur.

6.8 Teknisk infrastruktur. Planlagde offentlege anlegg.

Ullensvang herad utarbeider eigen VA-plan for utbetring av vass og avlaupsnettet på Hauso.

6.9 Universell utforming

Nye tiltak skal så langt det let seg gjera opparbeidast med universell utforming.
Ved tilrettelegging av nybygg og parkering til skulen bør heis vera ein del av tiltaket.

6.10 Rekkefylgjekrav

Føresegnene til reguleringsplanen set rekkjefylgjekrav til samstundes bygging av volleyballhall og parkeringsanlegg i tillegg at skulen sitt uteareal skal ferdigstillast samstundes med ferdigstilling av volleyballhallen.

Det er også eit rekkjefylgjekrav til utbetring av busslommene, om at fortau også skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen.

7 Verknader / konsekvensar av planforslaget

7.1 Fråvik frå overordna planar

Forslag til reguleringsplan er i samsvar med vedteken kommuneplan.

7.2 Staden sin karakter, fjernverknad og estetikk

Forslag til nye byggjeområder er i tråd med områder med bygg i dag og vil såleis ikkje endre Hauso sin karakter og fjernverknad.

7.3 Kulturminner og kulturmiljø

Kulturmiljøet med kvernhus langs Hausoelvi er lagt til omsynssone med føresegner som sikrar kulturminneverdiane i planområdet.

7.4 Naturverdiar/naturmangfald

Ein vurderer kunnskapsgrunnlaget (NML §8) som godt for planområdet. Det er gjort registreringar med synfaring i tillegg til at kjende databaser er sjekka ut i forhold til raudlisteartar viser til kap 5.6. Dette planområdet er i stor grad utbygde områder og landbruksareal i bruk.

Plantiltaket medfører mindre endringar i forhold til dagens bruk av området og området sin eigenskap vurder ein at planen har svært liten påverknad på naturmangfaldet (NML §9 - Føre-var-prinsippet)

Samla belastning på området endrar ikkje forholdet i høve dagens belastning. (NML§10)

Reguleringsplanen sine tiltak er av ein slik art at ein kan leggje kjende driftsmetodar til grunn. (NML §12).

7.5 Naturressursar, inkl. landbruk

Landbruksområda er ivareteke i reguleringsplanen i tillegg til at det vert opna for fortetting i tilknyting til bustadtuna mellom Aarekolvegen og Aarekolvegen. Bruk av veg som vendeteig i landbruksdrifta skal også kunna gjennomførast etter ei vegutviding.

Planforlaget inneber ingen endring for tømmertransport anna enn areal til møteplassar som vil betre trafikkflyten langs vegen.

7.6 Trafikktilhøve

Planforslaget skal sikre trygg tilkomst til og frå skulen på Hauso. Det er avsett areal til busslomme/kollektivhaldeplass ved fv 550. Langs skulevegen frå fv 550 er det planlagt for utviding av vegarealet med møteplassar. Heradet kan merka det utvida vegarealet for mjuke trafikantar og slik sett auke fokus på bruk av vegen som skuleveg.

7.7 Born sine interesser

Det er i planforslaget lagt til rette for at det til skulen på Hauso kan byggjast volleyballhall som også vert skulen sin nye gymnastikksal. Ei moderat utbygging vil opne for at skuleplassen kan få eit auka uteareal.

7.8 Universell tilgjenge

Parkering i kjellar og tilkomst til skulens uteområde og inngangssone vil betre universell tilgjenge på skulen.

7.9 Økonomiske konsekvensar for kommunen/andre offentlege etatar

Forslag til reguleringsplan legg til rette for utbetring av skulevegen som er kommunalveg.

Vegløysinga er ei breiddeutviding med møteplassar og mindre endring av dagens veglinje. Utbetringane er regulert for ei strekning på om lag 600 meter.

Endringar med parkering på skuletomt er anlegg som vert del av ny volleyballhall og ligg til heradet.

Erstatning av garasje på gnr. 98, bnr. 33 og del av driftsbygg på gnr. 98, bnr. 8, er tiltak som vert utløyst av endring av den kommunale vegen og vil liggje til heradet.

Utbetring av busslommer langs fylkesvegen er eit prioritert trafikksikringstiltak i fylket og av Skyss.

7.10 Vurdering av konsekvensar /verknadar

Dette er eit planforslag som ikkje medfører store endringar i høve dagens bruk av areala.

8 Risiko og sårbarheit, ROS-analyse

I ROS-analysen er moglege uynskte hendingar ut frå ei generell/teoretisk vurdering sortert i hendingar som kan påverke planområdet sin funksjon, utforming m.m., og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadane, meir presist verknader **for** og verknader **av** planforslaget.

Sjekkliste basert på rundskriv frå DSB er gått gjennom i høve til krav i plan- og bygningsloven. Vurderinga er gjort for å finne moglege risiko- og sårbare tilhøve som kan ha mykje å seie for om arealet er eigna til føremålet. Vidare om det trengst endringar i slike tilhøve som kan følgje av planlagt utbygging.

8.1 Oppsummerande risikomatrise:

Tabell 4, risikomatrise for områdeplanen

Sannsyn	S5 Mykje sannsynleg	**37,**		**18**		
	S4 Sannsynleg	**27, 56**	**49, 50**			
	S3 Moderat sannsynleg		**48,**	**4, 58**		
	S2 Lite sannsynleg			**2,**		
	S1 Særs lite sannsynleg					
		K1 Særs liten	K2 Liten	K3 Middels	K4 Stor	K5 Særs stor
	Konsekvens					

Risikomatrisa over synleggjer risikonivået for aktuelle hendingar innanfor planområdet. Sjekklista (sjå ROS-analysen) synleggjer at konsekvensane for menneske, miljø og materielle verdiar ikkje vert lik. I matrisa er aktuelle hendingar plassert i forhold til mest alvorleg risikonivå.

8.2 Vurdering av risikoreduserande tiltak

Hendingar som er vurdert å vere sannsynlege til svært sannsynlege og ha betydeleg, alvorlege til svært alvorlege konsekvensar, krev avbøtande tiltak.

Grøne hendingar:

I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

27. Område for idrett/leik

Forslag til reguleringsplan legg til rette for at samfunnshuset kan rivast og at ny gymnastikkhall vert tilrettelagt i ny volleyballhall. Planforslaget viser dagens skuleareal til skuletomt. Nybygg bør difor planleggjast ut ifrå at det også kan verte eit tilskot av uteareal til skulen.

37. Høgspentline (stråling)

Eksisterande 22kV line kryssar øvre del av planområdet. I planforslaget er det vist faresona (16 meter) knytt til høgspentlina. Faresona ligg over areal regulert til LNF og vestre del av utbygd bustadtomt.

56. Naturleg terreng formasjon som utgjer spesiell fare

Skuleplassen har i vest ein bratt fjellskrent. Det er i merknader til reguleringsplanen vist til at det er vassig i området. Dette kan medføre frostsprenging, utan at det er ei kjend problemstilling.
Oppå fjellskjeringa ligg veg til skogsområda. Tømmertransport langs vegen er eit faremoment i forhold til skulen.

Gule hendingar

ALARP-sone, dvs tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen. Detaljert ROS-analyse. Det vil vere naturleg å legge ein kost / nytte analyse til grunn for vurdering av fleire risikoreduserande tiltak.

2. Snø / is / sørpeskred

Viser til NGI sin farevurdering der faresjoner med årleg sannsyn 1/100 år ikkje når inn i planområdet.
Eksisterande bustadar og skulebygg er vurdert å ha tilfredstillande krav til sikkerheil jf TEK10, under dagens vegetasjonsforhold.
Fareområda med sannsyn 1/1000 og 1/5000 år er ikkje i konflikt med områder for nye bygg med opphald.

48. Ulukke i av- /påkøyring

I statens vegvesen sitt vegkart er det registrert 3 trafikkuhell med personskader. Trafikkuhell på fv 550 var i krysset med utforkøyring.

Figur 40, utsnitt frå vegkart med markering av trafikkuhell

Skadegrad i trafikkuhella er registrert med lettare skadd.
Kryss mot fv550 er oversiktleg og fylkesvegen har skilta fartsgrense 50 km/t på strekninga. I farevurderinga er det vurdert som eit moderat sannsyn for at trafikkuhell kan skje men at låg fartsnivå tilseier liten konsekvens.

49. Ulukke med gåande /syklande

I reguleringsplanen er det ikkje planlagt for separering av mjuke og harde trafikantar. Teoretisk sett vert det vurdert som moderat sannsyn. Ved eit trafikkuhell mellom mjuke og harde trafikantar vurderer ein konsekvensen som liten grunna lågt fartsnivå.

50. Ulukke ved anleggsgjennomføring

Riving og nybygg på skuletomta vil utgjera risiko i anleggsfase når skulen er i drift.
Planforslaget legg til rette for midlertidig anlegg og riggområde på tilgrensande LNF-område.
Utbetring av skulevegen vil også vera eit anlegg som krev særleg merksemd og oppfylging i anleggsperioden.

Raude hendingar

I utgangspunktet uakseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

4. Elveflaum

Matbekken og Hausoelvi kan få ein flaumsituasjon. I farevurderinga til NGI er det knytt stor usikkerheit til vurdering av utbreiinga av flaumvatn. Det er då tilrådd å leggje ei aktsemdssone langs begge sider av Hausoelvi. Reguleringsplanen viser eit område på 25 meter til begge sider av Hausoelvi som LNF-område.

18. Kulturminne/ -miljø

Kvernhusmiljøet ligg nært ved Hausoelvi og bygningsmassen er sårbar ved ein storflaum. Tiltak for å betra fareomfanget vil vera flaumsikrande tiltak oppstraums elva.

58. Spesielle tilhøve ved utbygging/gjennomføring

Riving av samfunnshus samt nybygg av parkeringsanlegg og volleyballhall medfører anleggsdrift i skuletida og på skuleområdet. Dette krev at det vert gjort særlege tiltak i anleggsperioden som sikring av område og tidsstyring av aktivitetar.

8.3 Konklusjon ROS-analyse

ROS-analysen viser at det er hendingar knytt til flaumskred etter langvarig regnvær saman med korte intense regnskyll som gjev ein uakseptabel risiko for areala nært Hausoelvi. Avbøtande tiltak er ikkje foreslått i reguleringsplanen.

Hendingar knytt til anleggsdrift med vegutbetring og bygging på skuletomta har uakseptabel risiko grunna nærleik til born sine areal. Anleggsplanar for tiltaka må ha særleg fokus på å trygge forhold for born i skuledagen.

9 Merknader til varsel om oppstart, innkomne merknader

9.1 Innkomne merknader

I samband med varsling av oppstartsvarsel 07.01.09/21.01.09 har det kome inn 15 merknader og innspel til planarbeidet. Det vart halde eit orienteringsmøte 21.06.10 med grunneigerane og ei synfaring i planområde i juni 2011. Det kom då inn ytterlegare merknader til planen. Merknadane følgjer som eige vedlegg.

Mattilsynet, brev datert 29.01.09

1. Kan ikkje sjå at planen får innverknad på vassforsyninga eller sjølve vasskjelde i Hauso kommunale vassverk. Utviding av bustadfeltet kan medføra behov for auka kapasitet. Krav til godkjend anlegg ved min 20 husstandar eller 50 personar

Kommentar: *Planforslaget legg til rette for 2 nye bustadtomter i tillegg til den ubebygde tomta i bustadfeltet oppom Hauso skule. Det er også opna opp for spreidd busetnad i tilknyting til gardstun.*

Ved Matbekken oppom skogsvegen er det regulert areal for nybygg av høgdebasseng. Reguleringsplan legg såleis til rette for at Ullensvang herad kan sikre Hauso ny vasskjelde.

Fylkesmannen i Hordaland, brev datert 10.02.09 og 25.06.09

1. Utifrå landbruksomsyn er det ei føresetnad at gardstun med dyrka mark innanfor planområdet vert regulert til landbruk. Kommunen må avvege kor trafikkareala best kan leggast i høve til at det skal ta minst mogleg dyrka mark.
2. Større endringar av gjeldande reguleringsplan bør takast i samband med rullering av kommuneplanen.
3. Kritisk til planlegging i strid med overordna plan. Utviding av bustadfelt og skuletomt bør handsamast på eit overordna nivå i kommuneplanen.
4. Minner om at planarbeidet kan utløyse KU.

Kommentar: *Det er ikkje regulert nye vegar på Hauso. Langs eksisterande veg til Hauso skule er vegbreidda auka nokre stader, for å sikre møteplassar langs vegen.*
Planforslaget er i stor grad i samsvar med dagens bruk av areala.

Hordaland fylkeskommune, brev datert 27.02.09

1. Minner om rikspolitiske retningsliner for barn og unge i planlegginga. Viser til arealpolitiske retningsliner i fylkesplanen. Peikar på retningsline 4b i Fylkesdelplan for universell utforming som seier at alle reguleringsplanar skal ha føresegner med krav til universell utforming.
2. Fjordlandskapet har høg nasjonal og regional verdi, det er sers viktig at all planlegging til omsyn til natur- og kulturlandskapet.
3. Minner om at dokumentasjon av kulturminne skal gjerast på eit tidleg stadium i arealplanlegginga. Ber om at kulturminne vert omtala, vurderte og teke omsyn til i det vidare arbeidet. (Fornminne, bygningar, steingardar, ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap mm). Området er ikkje SEFRAK-registrert og fylkeskommunen har lite kunnskap om evt eldre og verneverdige bygningar innanfor planområdet.
4. Tre automatisk freda kulturminne er kjent innanfor planområdet (langs riksvegen). Statusen er noko uavklart.

5. Freda helleristningsfelt vest for planområdet – ligg ikkje inne i Askeladden.
6. Området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det må påreknast ei arkeologisk registrering dersom planområdet vert som skissert ved oppstart.

Kommentar:
Det er utført ein kulturminnedokumentasjon av området, sjå vedlegg. Plangrensa er monaleg redusert etter oppstartsvarsel, det er ingen kjende automatiske freda kulturminner eller andre kulturminner som er registrert i Askeladden som ligg i planområdet. Kvernhusmiljøet langs Hausoelvi er regulert til omsynssone bevaring kulturmiljø H570_1. Det same gjeld for eldhuset på gnr. 98 bnr. 8 H570_2.

Hauso skule v/ Ranveig L. Alvsåker, brev datert 22.02.09

1. Vegen til skulen må vera så brei at det er trygt å gå og sykla samstundes med biltrafikk.
2. Det må leggjast til rette for ny parkeringsplass (skilt frå vegen) for skulen.
3. Vegen for biltrafikk bør leggjast lengre bort frå skulen og samfunnshuset.

Kommentar: *Viser til kommentar over. Ullensvang herad kan når skulevegen er utbetra, merke ei brei skulder langs vegen si vestre side slik at det vert godt opplyst at det er gangveg til liks med tilkomstveg. Arealet til bil vil med ei slik oppmerking ikkje verke så breitt.*

Statens Vegvesen, brev datert 26.01.09

1. Positiv til at hovudføremålet er trafikksikring. Har elles ingen merknad til oppstartsmeldinga.

Egil Haugen og Gunnveig Eidnes (gnr. 98 bnr. 1,6), Knut Byrkjenes Hauso og Bjørg Krohg Hauso (gnr. 98 bnr. 9), brev datert 15.09.10:

1. Grunneigarane kan akseptere ei forsiktig utviding av Hauso-brekka med inntil 1 m. Dersom dette i eit 40-50 års perspektiv ikkje er nok må heradet sjå på alternative løysingar.
2. Det er ikkje tilfredstillande at ein skal basera næringsdrift i skog på dispensasjon frå skulen for å køyre ut tømmer.
3. Det finneste fleire eldre bygningsmiljø i området i tillegg til kvernhusmiljøet. I dei to gardsbruka nedst i Hausobrekka ligg 4 bygningar frå 16-, 17, og 1800 talet tett inn mot vegen. Bygningsmiljøa utgjer ein samla heilskap og er ein del av eit samla gardsmiljø.>

Kommentar: *Reguleringsplanen si vegutviding tek omsyn til eksisterande eldre bygningsmiljø og tun. Det er i planen foreslått riving av nyare del av driftsbygg på 98/8 og samstundes foreslått eitt tilbygg i nordre del av driftsbygningen. Krav til tømmertransport på skulevegen vert ikkje regulert i denne reguleringsplanen men via heradet sine eigne vedtak.*

Egil Haugen og Gunnveig Eidnes (gnr. 98 bnr. 1), brev datert 23.01.09

1. Utviding av veg og skuleareal vil gå ut over garden. Tunet har verneverdige bygg frå 16- og 17-århundra. Den nest største samlinga av kvernhus/turkestove i Hordaland vil og verta råka.
2. Vegen kan utvidast med opptil 1 m og opprustas til 10 tonn. Saman med dobbel busslomme ved riksvegen er det bra nok skuleveg.
3. Om vegen vert utvida for mykje kan han ikkje nyttast til vendeteig for jordbruksdrifta og nærliggjande areal vert forringa.
4. Stor fellesskule og idrettshall bør leggjast ein anna stad og ikkje i eit allereie for trongt område.

Kommentar: *Viser til kommentarar over.*
Areal til vegutviding har teke omsyn til vegen sin funksjon som vendeteig.
Planforslaget legg til rette for at samfunnshuset kan rivast og at det då kan byggjas parkeringsanlegg under bakken og volleyball oppå. Dette er ei løysing som ivaretek skulens sitt uteareal, betrar trafikktryggleiken og ei kaotisk parkeringsløysing ved skulen.

Knut Byrkjenes Hauso og Bjørg Krogh Hauso (gnr. 98 bnr. 8 og 14), brev datert 21.01.09 og 12.01.15

1. Opptatt av at trafikktryggingstiltaka også skal ta omsyn til dei som bur i inntil vegen.
2. Tiltak på bnr. 8:
    a. Eldhuset er teikna inn på miljøplanen. Stabbursdelen er truleg frå tidlig 1800-tal. Tilbygget mot vest kan ikkje fjernast.
    b. Utviding av vegen mot aust (mot bustadhuset) er uakseptabelt grunna plassmangel rundt inngangspartiet.
    c. Bruk av tunet som møteplass er ikkje aktuelt.
    d. Det må sikrast full tilgang til mekanisk driftsutstyr til alle nivå på driftsbygningen. Det skal vera full passasje for lastebil på austsida av driftsbygningen. (dvs 3 m frå hjørnet av bygningen)
    e. Slamavskillar for kårhuset ligg like nedanfor driftsbygningen ved vegen.
3. Tiltak på bnr. 14
    a. Vegen på vestsida av huset har sige ut og må truleg fundamenterast på nytt.
    b. Det er betydeleg vasslekkasje frå den kommunale vegen opp til byggjefeltet (gjennom kjellaren på bnr. 14 og ut på skuleplassen). Må stansast.
4. Dialog med grunneigarane er viktig i prosessen.
5. Løysingane må vere heilskaplege og framtidsretta og vegen må dimensjonerast for påkjenningar frå trailer.

Kommentar: *Vegen er trekt i frå tunet. Noko som medfører forslag om riving og tilbygg til driftsbygg på motsatt side, sjå også kommentar over.*
Bustaden på bruk 14 inngår i område til skulen.

Adv. Tom Berge for Torhild Velure Hauso (gnr. 98 bnr. 25), brev datert 09.03.09.

1. Grunneigar har fått utarbeidet utkast til tomtedelingsplan, denne er stilt i ro i påvente av reguleringsplanen.
2. Naboar som driv aktivt jordbruk ønskjer å overta dei høgast liggande areala.
3. Ønskjer at heradet tek over teigen som ligg mellom skuleplassen og samfunnshuset
4. Ber om at kartet vert oppdatert med grenser til bnr. 66.

Kommentar: *Dei øverste delane av planen sine areal er regulert til LNF-område. Nye bustadtomter er planlagt i tilknyting til eksisterande bustadområde.*

Trond Atle Eidsnes (gnr. 98 bnr. 25), brev datert 30.06.10

1. Ber om at ein del av eigedommen vert regulert til bustadformål. Areal et er vist på kartskisse som tre tomter.
2. Ser for seg å bora etter vatten om ikkje heradet har kapasitet i sitt vassverk.

Kommentar: *Viser til kommentarar over, det er i planforslaget vist 2 nye bustadtomter på bnr. 25.*

Knut Nordal, brev datert 26.01.09

1. Innspel til trafikkløysing i samband med skule og samfunnshus: Opparbeida snuplass for skulebuss ved gamlevegen rett nedanfor skulen. Sti/trapp opp til skulen, dagens gangtrafikk gjennom tunet til Olav Hauso kan og gå på ny sti.
2. Alternativt utvida dagens veg og utviding av snu-/parkeringsplassen ved skulen.

Kommentar: *I planprosessen har ulike løysingar for busstilkomst vore drøfta med Skyss og Statens vegvesen. Løysing med utbetring av dagens veg vert vurdert som mest realistisk å få gjennomført samstundes som trafikksituasjonen på fv 550 har endra seg (færre bilar som fylgje av Hardangerbrua).*

Ingun og Otto van Etten (gnr. 98, bnr. 23, 28, 31, 48), brev datert 11.01.09 og e-post av 14.06.11

1. Vonar heradet kallar inn til eit møte med grunneigarar tidlig i prosessen.
2. Når det gjeld kulturminne ynskjer me å påpeike rekke av kvernhus og turkestove langs Hausoelva på nordsida av skuleplassen. Desse er utvendig sette i stand med finansiell støtte frå Innovasjon Norge og med faglig hjelp av Hardanger Folkemuseum. Det er viktig at området mellom Hauso elva og skuleplassen ikkje vert berørt av eventuell utviding av skuleplassen.

Kommentar: *Viser til kommentarar over. Tiltak og ordningar for vedlikehald av kvernhusmiljøet vert ikkje regulert i reguleringsplanen.*

Margit Andrea Hauso (gnr. 98 bnr. 2 og 15, disposisjonshavar til bnr. 50 og 51), brev datert 27.01.09

1. Ønskjer å få belyst korleis tidlegare tilretteleggingskostnadar vil bli godtgjort/refundert ved nye vegbrukarar sin tilgang til vegen mot eksisterande byggefelt.
2. Ønskje å få dokumentert korleis ein vurderer omdisponering av matjord i samband med reguleringsarbeidet.
3. Ønskjer ikkje snødeponi på sin eigedom.
4. Vifte på nedsida av skulebygget er støyande og til sjenanse i tunet og inne i bustadhuset.
5. Grøftesystemet treng ei oppgradering slik at overvatnet frå vegane ikkje er til sjenanse for naboar.

Kommentar: *Innspel om refusjonsordningar vert handtert av heradet og ikkje som del av denne reguleringsplanen. Ved utbetring av vegen vil det vera ei god løysing å ta vare på matjord og nytta det som topplag på vegen sitt sideareal.*

Per K. Måkestad, kart mottatt 07.12.10

1. Sendt innspel om alternativ ny veg frå sør

Kommentar: *Vegtilkomst frå sør til skulen har vore vurdert tidleg i planprosessen. Løysinga vart forkasta grunna nærføring til nye gardsbruk og beslag av landbruksjord.*

Magne Alvsåker og Anni H Alvsåker, e-post datert 12.06.11

1. Det er flaumfare frå Matbekken som renn gjennom bustadfeltet og ned mellom skule og samfunnshus. Rist/sandfang, som ligg mellom 98/65 (oss) og 98/55 (Kibsgård), er både feilplassert og feilkonstruert. Bekk passerer skogsbilveg og bustadområde gjennom minst 3 stikkrenner/lukkingar før den ved den nedste eigedomen går gjennom rist. Rist i sandfang er for liten i areal og tettar seg alt for snart ved store nedbørsmengder, og då særleg om vinteren når det i tillegg har danna seg mykje is i bekkefaret og det slår brått om til mildvêr med smelting og mykje regn og isen losnar. Skjer dette fløymer bekken over ned mot skule, samfunnshus og andre eigedomar. Ullensvang herad var frå starten av eigar av tomannsbustad 98/44 og hadde ansvar for sandfang og rist. Ved seinare sal vart 98/44 pålagt ved hefte ansvar for reinsking av sandfang og rist. Sidan vart 98/65 frådelt 98/44 og seld til oss saman med nemnde hefte.

Kommentar: *Heradet sin praksis for vedlikehald vert ikkje regulert av denne reguleringsplanen.*

10 Merknader ved offentleg ettersyn28.05.2015 – 31.08.2015

10.1 Innkomne merknader

I samband med offentleg ettersyn mottok heradet 20 merknader og innspel til planforslaget. Merknadane følgjer som eige vedlegg.

Under er merknadene oppsummert og kommentert.

10.2 Merknader frå offentlege aktørar

Statens vegvesen, brev datert 21.08.2015

Statens vegvesen har tre merknader til planen.

- -For ytterlegare å forbetre tryggleiken ved busslommene må dei lyssettast og kryssingspunktet ved fylkesvegen må tilretteleggast med forsterka belysning.
- ROS- analysen pkt 3.3.2, hending 48 og 49 er feil då verken fv.185 eller stadnamna ligg i Ullensvang herad
- Gjer merksam på at det no heiter «Statlige planretningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging» og ikkje «Rikspolitiske retningslinjer» slik det står i kapittel 4.1 i planskildringa.

Kommentar:
Belysning av busslomme og kryssingspunkt må vurderast og eventuelt verta teke med i byggeplanen for utbetring av busslommene. Tekstleg feil i ROS- analysen og planskildringa er bli retta opp i revidert utgåve.

Hordaland fylkeskommune, datert 26.08.2015

HF viser til at det i planen er teke omsyn til barn og unge sine interesser.

HF kommenterer også at landbruksareal for spreidde bustader (LSB) er opp til grunneigar å utvikle. Fylkeskommunen ynskjer eventuelle byggesøknadar i LSB sendt til dei for kulturminnevurdering. Dei ber også om at følgjande føresegn blir satt inn under «felles føresegner»: “Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminneloven § 8, 2. Led”.

Fylkeskommunen ser at landskapsbiletet i området kan verte forringa som følgje av planen og ber om at planen tar omsyn til tilgrensande og nærliggande kulturminner innanfor og utanom plangrensene.

Alt arbeid med fylkesveg 550 skal følg Statens vegvesen sine vegnormar.

Kommentar:

Føresegnene er oppdatert i tråd med HF sin merknad. Nytt pkt 1.7 er teke inn i reviderte føresegner.

Administrasjonen ved Hauso skule v/Sigrid Elisabeth Widding og Rannveig L. Alvsåker, datert 27.08.2015

- Skulen har for lite plass og fleire har behov for rom av typen møterom, grupperom og klasserom. Det er ynskje om garderobar i ny idrettshall til bruk i kroppsøving då det ikkje er bra å bruke symjehallen sine garderobar. SFO har behov for eigne rom. Det er også behov for nytt skulekjøkken i kombinasjon med storkjøkken, gjerne i ny hall. Dette kan frigjere rom til SFO. Administrasjonen støttar også forslaget om ei mobil scene i hallen. Skulen ynskjer å bli kalla inn til møte for vidare detaljplanlegging.
- Det bør vere eit mål å fysisk skilje trafikantar i bakken opp til skulen. Det er også ønskja at heradet søker på nytt for å få til gangfelt i hovudvegen.
-

Kommentar:
Områdeplanen legg til rette for riving av samfunnshuset og bygging av idrettshall. Ei etterfylgjande byggesak vil omhandle kva areal det nye bygget skal innehalde.

Fysisk skilje mellom trafikantar på vegen opp til skulen let seg ikkje løysa utan at vegen sin funksjon som vendeteig går ut. Fysisk skilje krev meir areal enn det som er regulert i dag og det fører til skjeringar og fyllingsareal mot landbruksområda. Gangsone er ei praktisk løysing som kan bidra til forutsigbare areal for trafikantgruppene.

Fylkesmannen i Hordaland, brev datert 03.09.2015

- I samband med utviding av vegbreidde langs Aarekolvegen , skal vegarealet merkast med ein meter brei skulder for å markere gangsone for mjuke traffikantar. Fylkesmannen tykkjer det er uheldig å ikkje legge til rette for fortau, men aksepterer likevel løysinga.
- I ROS- analysen er det lagt opp til aksemdsone for flaum på begge sider av Hausoelva, men dette er ikkje vist i plankartet. Viser til teknisk forskrift der alle risikotilhøve skal merkast på plankartet og gå fram av planføresegnene. Fylkesmann føreset at dette vert fylgt opp.

Kommentar:

Det blir lagt inn faresone flaum langs Hausoelvi på plankartet og nytt pkt 6.2.3 er teke inn i reviderte føresegner.

NVE, brev datert 08.09.2015

Vurderer at planen i hovudsak opnar for tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Vidare påpeiker dei at faresonene er definert ut frå situasjonen på kartleggingstidspunktet til Norges geologiske undersøkelser (NGI). Den seinare tid har det vore ein del hogst i området som kan påverke influensområdet til potensielle skred. NVE tilrår heradet å sikre noverande og framtidig busetnad mot framtidige skred og farar ved å inkludere eit større område i plan.

Vidare påpeiker direktoratet at det bør gå tydelegare fram av føresegnene at det er forbod mot utbygging 25 meter til kvar side av Hauselvi Matbekken. Matbekken som er lagt i røyr har potensale til betydelege skadar ved auka nedbørsmengder og NVE tilrår vurderinga av kapasitet til røyr og kulvertar. Vert areal vurdert som flaumutsett skal det leggast på omsynssone H320 Flaumfare.

Kommentar:

Utviding av planområdet er ikkje utført. Faresonene på kvar side av Hausoelvi er lagt inn i revidert plankart.

10.3 Merknader frå Privatpersonar

Otto Van Etten, ingen datering

- Påpeikar at det er viktig at vegen kan brukast som vendeteig for aktuelle gardsbruk etter oppgraderinga. Det er viktig med fri siktsone mellom vegen opp til skulen og «gamle fv 550. Stigninga er også for bratt og må utbetrast Det er mykje overvatn som renn frå vegen og ned på eigedomen hans.
- Påpeiker at det er feil i kartet då Matbekken ikkje renn under bustadfeltet.
- Meiner tungtrafikk med store køyrtøy og anleggsmaskiner til GNR98 BNR25 fører til skader på ein allereie dårleg veg gjennom byggefeltet. Ber heradet ta tak i dette.

Kommentar:

Planforslaget legg til rette for at vegen framleis kan nyttast som vendeteig. Frisiktsone er lagt inn mellom Aarekolvegen og gml fv 550.

Ved utbetring av vegen i tråd med planen må løysingar for å unngå at overvatn frå Aarekolvegen til hans eigedom.

Knut Byrkjenes Hauso og Bjørg Krohg Hauso GNR98 BNR8, brev datert 12.01.2015 (før høyting)

- Definerer 3 utfordringar med å ha vegen gjennom tunet. Vegen går gjennom tunet og dei har ein del krysningar mellom bustadhus og driftsbygning. Dette er utfordrande med tanke på orientering i trafikken og støy gjennom heile dagen. Drift av garden medfører ein del tungtransport som traktorkøyring og varelevering. Det er krav om lasteplass for levering av produkt slik som eple. Det er også dårlege sikttilhøve i avkøyrsla. Det blir til slutt stilt spørsmål med om vegen tåler påkjenninga av tømmertransport til og frå området. Historisk sett var vegen ein hest og kjerreveg og lite er gjort for å utbetre vegen etter bygging av Hauso skule og byggefeltet ovanfor den.
- Dei har følgjande forslag til å kunne utvide vegen; forslag. 1) Flytte bustadhus og eldhus, flytte driftsbygning (må forsterkast noko), erstatte/flytte heile driftsbygningen. Forslag 2) endre inn og utkøyringsbilete i tunet- Forslag 3) fartsreduserande tiltak i tunet. Forslag 4) utarbeide heilheitleg plan for å redusere støy og støv samt betre tryggleiken.
-

Kommentar:

I reguleringsplanen er vegen trekt lenger vekk frå bustadhus og eldhus i forhold til dagen veglinje. Som fylgje av endra veglinje forbi tunet er det i planen vist plassering av ny driftsbygning.

Egil Haugen, e-post datert 17.08.2015

- Ynskjer at møteplass vert plassert under eksisterand mur, ca. 25m nord for Hausoelvi og at denne ikkje er til hinder for drifta.
- Dersom møteplass nord for skulen blir verande ynskjast denne også innløyst.
- Meiner det må vere vegløysing til skuleplassen som kan nyttast ved store tilstellingar for å hindre parkering i omkring liggjande bakkar.

Kommentar:

Plankartet viser møteplass nord for Hauselvi. Møteplass nord for skulen er innanfor eigedomsgrense langs vegen. Veg til skulen er planlagt med breiddeutviding for møteplassar, som vil bidra til mindre rygging og betre flyt i trafikken.

Planlagt parkeringsløysing ved skulen vert ein del av framtidig nybygg.

Martin Hauso GNR98 BNR10, e-post datert 22.08.2015

Vil informere om at vatnet i matbekken er delt mellom to bruk. Dette meiner han står i ein dom frå Tingretten. Han er vidare ikkje i mot vassreservoar, men vil forsikre seg om at han alltid har nok vatn til sitt bruk.

Kommentar:

Forslag til nytt høgdebasseng inngår ikkje i revidert reguleringsplan.

Egil Haugen og Gunnveig Eidnes, e-post datert 29.08.2015

Krev fartsdumpar i brekka då fartsgrense og skilt om gardstun ikkje vert respektert. Bilen deira har blitt påkøyrt på veg ut frå tunet. Ynskjer tilbakemelding.

Kommentar:

Fartshumpar er ikkje eit formål i reguleringsplanar. Tiltaket kan vurderast i samband med utbetring av Aarekolvegen.

Alf Arne Hauso GNR:98 BNR2,15, brev datert 31.08.2015,

- Område føreslått til høgdebasseng er gardens beitemark for hest og blir jevnleg vedlikehalde med skogshogst. Hauso har planar om å ha nokre beitedyr på sikt og ønskjer då å unngå restriksjonar på garden si kulturbeitemark. Hauso meiner det er lite vatn i området og det er bora etter vatn utan å finne nok vatn til ein enkelt husstand. Det vil også vere dyrt for kommunen å bygge nytt anlegg framfor å betre eksisterande anlegg.
- Ser ikkje at det er gjennomførbart å bygge fleire bustadar på nedsida av skulen då det er bratt og vanskeleg med vegtilkomst.

Kommentar:
Høgdebasseng inngår ikkje i revidert plan. Områder avsett til landbruk spreidde bustadar (LSB), legg til rette for at det kan søkjast om bustadoppføring i området. Viser også til merknad frå Fylkeskommunen.

Trond Atle Eidenes GNR 98 BNR25, brev datert 30.06.2010 (før høyring)

Ynskjer at del av hans tomt vert regulert til boligformål. Ser for seg at 3 bustadhus kan få plass på eit skissert areal som er lagt ved brevet.

Kommentar:
Det er lagt inn 2 nye tomter på GNR98 BNR25

Trond Atle Eidnes GNR98 BNR25, e-post datert 31.08.2015

Har blitt informert av heradet at tre tomter på hans eigedom ikkje skulle vere med i reguleringsplan, men oppdaga at desse var med likevel etter eit høyringsmøte på Hauso. Han informerer om at det ikkje har vore noko dialog med han om tomta han eig på nedsida av samfunnshuset.

Kommentar:

Planforslaget opnar for framtidig frådeling av bustadtomter.

Knut Byrkjenes Hauso og Bjørg Krohg Hauso, brev datert 19.09.2015

Generelle kommentarar:

Synes det er underleg at etablering av veg sør i planområdet er konkludert som for dyr utan nærare grunngjeving. Meiner at det ikkje er samsvar mellom oppstartsvedtaket 15.12.2008 og plan som er sendt på høyring. Dei har ikkje blitt varsla om endring av føremål. Vil ha tydeleg dokumentasjon på at Heradet er reell eigar av Aarekolvegen. Denne vegen var tidlegare skilta med «tillatt bogitrykk 7,5 tonn».

Merknad til innhald i plan:

Meiner utsendt plan vil vere øydeleggande for miljø/trivsel, for tunet og for drifta av garden som i hovudsak er orientert rundt driftsbygningen. Dersom driftsbygningen må rivast, så må annan infrastruktur i tunet også leggast om (mykje av denne er knytt til søndre del av driftsbygningen).

Krav dersom plan vert realisert:

Erstating for driftsbygning imå orienterast vest- aust. Erstatning av all infrastruktur. Utkøyring frå sørsida av ny driftsbygning må teiknast inn i plan og golv 1.etasje må forsterkast. Veg og anna veggrunn må trekkast vestover frå eldhus. Det må leggast tilstrekkeleg trekkjerøyr i vegbanen. Forbikøyringssone nord for tunet må trekkast nord, dei stiller med areal for dette. Endringar i utkøyringar må planleggast saman med grunneigar. Etablering av fartsreduserande tiltak i tunet og det kan ikkje vere muleg å køyre forbi gjennom tunet. Krev at desse tiltaka blir lagt inn som rekkefølgjekrav for bygningsarbeid rundt skulen kan ta til.

Forslag til alternative tiltak

Ta ut SVG-areal i planen, trekke forbikøyringssone i nord mot nord og etablere gråsteinsmur frå trafokiosk mot Aarekolvegen. Skilje gangsone langs muren som eige areal. Heve vegen ved utkøyringar og trekke den vestover frå eldhus. Slå saman utkøyring frå kårbolig og driftsbygning. Fysiske fartsreduserande tiltak i tunet.

Dei har opplevd mykje usikkerhet sidan førre reguleringsplan vart annonsert i 1992.

Kommentar:

Veg frå sør til skulen vart tatt ut som muleg løysing grunna at den vil legge trafikk gjennom ein eigedom som ikkje har trafikk. Dette vart vurdert som ei lite hensiktsmessig løysing.

Omlegging av infrastruktur ved utbygging av veg i tråd med planen, kan vera ein del av veganlegget. I revidert plan breiddeutviding av Aarekolvegen forlenga fram til trafokiosken.

10.4 Merknader frå lag og foreiningar

Hauso Samfunnshus v/Steinar Langsæter,

- Vil ha fram at ny idrettshall må ha tilfredsstillande kjøkken og garderobeforhold intergrert i nytt bygg då dette ikkje kan samordnast med slike tilbod ved Hauso skule.
- Dersom det blir parkering under den nye idrettshallen må det likevel vere parkering utandørs- Bussar må også kunne snu på ein tilfredsstillande måte.
- Det er avgjerande med veg på oppsida av hallen for å sikre tilkomst for utrykningskøyretøy.

Kommentar:

Endeleg utforming av idrettshall med tilhøyrande parkering og tilkomst vert del av ei framtidig byggjesak. Reguleringsplanen legg ikkje opp til snuplass for buss ved skulen.

Solgull 4H v Torgis H. Jåstad, Sonja Velure, Evelyn Sekse Haustveit og Jarle Haustveti, motteke 28.08.2015

Opplyser om at dei brukar samfunnshuset mykje gjennom året. Denne aktiviteten består av 10 medlemsmøter i året, filmkveldar, diskotek med kiosk, haustfest og øving i samband med haustfesten.

Kommentar:

Endeleg utforming av idrettshall og framtidige leigeavtalar er ikkje del av reguleringsplanen.

Vestglimt idrettslag v/Per Ragnar Raaen, e-post datert 31.08.2015

Ynskjer ein del funksjonar til ny Volleyballhall. Dette inkluderer eigne garderobar, kjøkken, lagerrom, felles møterom og rom til treningsapparat.

Kommentar:
Viser til kommentarar over.

FAU, Hauso skule, brev datert 14.09.2015, motteke Ullensvang Herad 22.09.2015

- Ynskjer fysisk skiljing av trafikantgrupper opp mot skulen med fortau og ikkje måla stripe. Dette gjeld også ved busshaldeplass med ynskje om fortau.
- Idrettshallen og skulen har for lite plass. Det er ynskje om garderobar, nok parkeringsplassar og ei mobil scene i den nye hallen. For skulen er det ynskje om eigne rom for SFO og nytt skulekjøkken i kombinasjon med storkjøkken. Det må også sikrast tilkomst for utrykkingskøyretøy
- Ynskje om opprusting av skuleplassen og at det ikkje blir tatt areal frå denne.

Kommentar:

Fysisk skilje mellom trafikantar på vegen opp til skulen, sjå tidlegare kommentarar. Plankartet viser fortau med breidde 2,5m ved busshaldeplassen, ei utbetring av dagens løysing. I føresegnene er det også sett rekkefølgjekrav til bygging av volleyballhall som krev opparbeiding av uteareal til skulen og parkeringsanlegg til hallen.

11 Endringar av reguleringsplanen etter offentleg ettersyn

11.1 Bakgrunn for endringane

Plan- og ressursutvalet sendte i møte 6. september 2016 reguleringsplanen attende til administrasjonen, PRU-44/2016. Det vart i vedtaket lista opp viktige punkt:

- Veglegging gjennom tunet 98/8 utan riving av driftsbygning
- Sikra god sikt lang vegen frå skulen til svingen nedanfor tunet med forbikøyringslommer ovanfor og nedanfor tunet
- Vegutbetring skal prioriterast før bygging av hall startar opp

Figur 41, bilete av tunet på gnr. 98, bnr 8.

Planforslaget som var ute til offentleg ettersyn viste ei løysing der del av driftsbygg på eigedom 98/8 nærast veg var planlagt riven. Årsaka var at Aarekolvegen var planlagt trekt vestover og då kom i konflikt med del av eksisterande driftsbygg.



Figur 42, illustrasjon av driftsbygg på 98/8 og utsnitt av planforslag til offentleg ettersyn

Dagens tilkomst og avkøyrsleløysing i tunet på gnr. 98, bnr. 8 er illustrert under:



I tunet til 98/8 er det mange avkøyrsler frå Aarekolvegen:

1. Tilkomstveg til kårhus og oversida av driftsbygningen
2. Køyretilkomst til port i 2 etg. i driftsbygningen og inngangsdør
3. Køyretilkomst til port i 1 etg på driftsbygning
4. Køyretilkomst til to porter i 1 etg på driftsbygningen, nedsido. Tilkomst for lastebil.

Til bustadhuset er det gangveg. Gangtilkomsten til eldhuset er køyrbar.

Frå eigar av 98/8 vart det foreslått å sjå på løysing der Aarekolvegen vert oppgradert med 1 meter breitt fortau gjennom tunet. Grunneigar ynskjer ikkje at vegbreidda gjennom tunet vert auka slik at to bilar kan passere kvarandre på strekninga. Det vart difor foreslått fortau med kantstein mot køyreveg med eitt felt på strekninga gjennom tunet.

På synfaringa vart det drøfta mogleg reduksjon i tilkomstar til driftsbygningen:

- Veg til Kårhus (1) kan i avkøyrslepunktet frå Aarekolvegen utvidast / trekkjast mot uthuset.
- Tilkomst 2 vart foreslått å endra til å gå frå vegen som fører til Kårhuset.
- Tilkomst 3 vart foreslått endra med ny port på same side som portane på sørsida av driftsbygningen (4).

11.2 Vegløysing gjennom tunet på eigedom 98/8; Tilkomst for traktor og privatbil frå sør

Figur 43, Nye veglinjer gjennom tunet på gnr. 98, bnr 8

Det er vist ny tilkomst frå nord og via utvida vegareal sør for trafo. Tilkomstvegen har eit stigningsforhold på 12,5 % (1:8). Langs tilkomstvegen må det etablerast mur mot teig vest for vegen.

Aust for bustadhuset kan det opparbeidast ei lomme langs den gamle fylkesvegen som kan fungere som henteplass av fruktkasser.

Løysinga fjernar no avkøyrsler til driftsbygningen der det i dag er noko uoversiktleg. Det er ei løysing som betrar trafikktryggleiken i tunområdet og som gjer det meir oversiktleg å ferdast langs Arekolvegen. Ny tilkomst er planlagt på ein meir oversiktleg del av vegstrekninga.

Veglinja sin utforming i dag gjev ikkje tilfredstillande sikt langs veg. Ved å leggje fortau langs austsida av Arekolvegen, oppnår ein å trekke biltrafikken litt bort ifrå eldhus og bustadhuset på 98/8. Det vert ikkje sikt mellom møteplassar som fylgje av det. Vi vurderer likevel at ein oppnår ein betre situasjon denne løysinga når tilkomst til driftsbygg vert trekt mot nord.

Planen sikrar møteplassar både før og etter tunet 98/8, ved trafo og i avkøyrsla rett nord for tunet.

Figur 44, Utsnitt av revidert plankart

11.3 Planløysing ved Hauso skule

I planforslaget som var til offentleg ettersyn var det planlagt for at merka brei skulder langs Aarekolvegen skulle fylgje vegen si vestre side.

Dette er endra i revidert planforslag. Gangtrasen er planlagt langs vegens austre side fram til skulen. Det vert foreslått at det ved skulen vert etablert gangfelt med hump før og etter gangkryssinga, slik at kryssing av vegen vert kopla til dagens ganglinjer ved skulen og at det vert kryssing på ein oversiktleg del av Aarekolvegen.

Figur 45, Illustrasjonar som viser forslag til prinsippløysing ved skulen

12 Vedlegg

Føresegner, datert 06.05.2015, *revidert 09.10.2016, 28.03.2017*

Reguleringsplankart i målestokk 1:1000, datert 06.05.2015, *revidert 25.05.2016, 29.03.2017*

ROS-analyse, datert 06.05.2015, *revidert 09.06.2016*

Illustrasjonsplan skuletomt i målestokk 1:500, datert 06.05.2015

Kulturminnedokumentasjon, datert 14.09.2011